

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	16.04.2018
Kl.	17:00 – 18.35

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Trude Brosvik, KrF

Varamedlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Karen Marie Hjelmeseter til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument nr. 5 i sak 37/18, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Fylkesrådmannen orienterte om at dokumentet «Utviklingsplan - Helse Førde 2040» er på høyring med høyringsfrist 12.05.18, og at han ikkje tek sikte på å fremje sak til fylkesutvalet om høyringsfråsegn frå fylkeskommunen.

Næringslivsdagane 2018 vert arrangert 2. og 3. mai. Bjørn Erik Hollevik vert fylkeskommunen sin representant 3. mai. I framtida bør fylkeskommunen freiste å unngå at dette arrangementet kolliderer med politiske møte i fylkeskommunen.

Fylkesordføraren orienterte om møte med Stortingsbenken 18. mai.

SAK 37/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 16. april 2018

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

1: Fusjoner i Ferde

2a og b: Endring av marginalliste over mindre utbetringar i Regional transportplan og planleggingsprogram 2019 - 2021

3: Brev frå Samferdsledepartementet:

Overføring av forvaltningsansvar for fiskerihamnene - problemstillingar og prosess

Vedtak:

Fylkesordføraren får fullmakt til å utforme eit brev til Samferdsledepartementet om saka.

4a-e: Arrangementstøtte NM i friidrett Byrkjelo

Vedtak:

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg søknaden fram som eiga sak til møte i fylkesutvalet 2.mai.

5: Førebuing til representantskapsmøte Trivselshagen IKS

Ikkje offentleg, Ofl § 14, interne dokument

Vedtak:

Fylkesutvalet tok notatet til orientering med følgande supplering:

- Ein vidarefører ordninga med 4 styrerepresentantar.
- Fylkesutvalet ynskjer at fylkeskommunen skal vere representert med ein ekstern representant som styreleiar, samt ein representant frå Firda vidaregåande skule som styremedlem.
- Fylkesutvalet ynskjer at representantskapet ber om at ny organisasjonsform vert utgreia.
